




Månadsbrev februar 2022

Det blei **ikkje** eit like smittefritt år på skulen som i 2020 og 2021, og det var vel for godt til å vera sant. Plutseleg var 2/3 av elevane i isolasjon eller karantene pga. Covid-19 frå 15. januar. Heldigvis har dei fleste hatt milde symptom, men for nokre har det blitt ein lang periode først med karantene pga. andre sjuke i familien og så sjukdom sjølv. Me får ta vare på kvarandre og dei som ikkje har vore sjuke med same smittereglar som før.



Besøket av den kulturelle skulesekken om Maria i Bibelen og Koranen blei utsett pga. smittesituasjonen, og det gjorde òg MOT til 3. februar. Nå vonar me TL startar opp att i veke 6, men det kjem an på lokale og nasjonale reglar framover.

Ungdomsskulen byrjar februar med gjennomføring av Ungdataundersøkinga, medan småskulen har kinodag med animasjonsfilmen "[Riverdance](#)". 1.-4. klasse skal òg sjå "Den røde ballongen" måndag 7. som ein del av Den kulturelle skulesekken. "Filmen av



Albert Lamorisse handler om vennskapet mellom en liten gutt og en magisk rød ballong, som følger gutten gjennom gatene i Paris. Gutten løsner en ballong som er festet til en lyktestolpe og til naboens overraskelse følger ballongen etter gutten. Filmen ble en enorm publikumssuksess på 1950- tallet og regnes i dag som en av filmhistoriens store klassikere." <https://www.denkulturelleskulesekken.no/utforsk-produksjoner-i-dks/?produksjon=3338>

Meir film! Den store skulekinodagen blir i år for 5.-10. klasse 8. februar, og då skal dei sjå "Bortebane". "Dette er filmen om den ekte superligaen! "Bortebane" er en feelgood-film fra Norway Cup om vennskap, fotball, sursøtt godteri og en opplevelse for livet! Filmen handler om mye av det vi har savnet: Grønt gress, sommersonne, kameratskap, og om å hjelpe hverandre opp på beina igjen." <https://dks.osloskolen.no/bortebane/>



Før den tid prøver me med morgonsamling på ein fredag, dvs. 4. februar. Ungdomsskulen har ansvar for morgonsamlinga med fokus på minoritetar, urfolk og samane sin nasjonaldag 6. februar. Etterpå blir det markering av samefolket sin dag i 1.-7. klasse med m.a. matlaging. 15. februar blir det foreldremøte i 1.-4. klasse. 24. februar har 1. klasse gått 100 dagar på skulen, og det vil dei feira saman med dei andre i småskulen dei første tre timane fredag 25. Dei tre siste timane denne dagen, blir det Abeldag, og så var det plutseleg vinterferie.



Med ynskje om mykje snø og ein fin og aktiv vinterferie!

Sinnes 01.02.22, Åse-Berit (rektor)